

Det er og høve til å nytte pasienthotellet, Åse Hotell. Ta kontakt med personalet ved kirurgisk intensiv for meir informasjon.

Parkering

Om du er mykje i avdelinga kan du få eit parkeringsbevis som gjeld i sone 2. Det vil seie parkeringsplassane på veg opp til blokkene. Sjukepleiarane på avdelinga vil orientere deg om dette.

Andre opplysningar

Dersom pasienten er alvorleg sjuk og blir liggande lenge i avdelinga, kan det være ein god idé å skrive dagbok om opphaldet i samarbeid med personalet. Denne dagboka kan du få på avdelinga.

Dessverre har vi ikkje opphaldsrom for pårørende utanom TV-stua, men du er velkomen til å vere her likevel.

Dersom pasienten er kritisk sjuk, vil ein som pårørende ofte få mange telefonsamtalar utanfrå. Dersom du synest dette er vanskeleg og gjerne vil ha meir ro rundt deg og pasienten, vil vi gjerne hjelpe med å avgrense pågangen.

Velkomen!

Venleg helsing oss på kirurgisk intensiv

Å vera i livet

Den som er rik vil ha seg
eit hus som er såleis bygt
at alle som høyrer til huset
kjenner det godt og trygt,
og såleis at frammande gjerne
kjem innom dørene der
og aukar den rikdom som
finnes der før
med alt det dei sjølve er.

Halldis Moren Vesaas

Adressa hit er :
Helse Sunnmøre, Ålesund sykehus
Kirurgisk intensiv avdeling
6026 Ålesund

Telefon: 70 10 55 11
Direkte til avdelinga: 70 10 50 00
Sentralbordet:
www.helse-sunnmore.no

Velkomen!

som pårørende
til kirurgisk intensiv



Kirurgisk intensiv

Her ved kirurgisk intensiv overvåker og behandlar vi akutt / kritisk sjuke vaksne og barn. Dei fleste sjukepleiarane har vidareutdanning i intensiv- eller anestesi-sjukepleie. Det er til kvar tid ein anestesi-lege med ansvar for å følgje opp pasientane, ofte i samarbeid med kirurg, ortoped og indremedisinar.

Vi har som mål å gje pasientane primær-sjukepleie. Det vil seie at eit avgrensa personell har som si oppgåve å følgje opp same pasient under heile opphaldet.

Legevisitt

Kirurgane går legevisitt i avdelinga kl 08 - 08.30 mandag/torsdag/torsdag, og ca. kl. 09.00 onsdag og fredag. I helgane kan det bli noko seinare.

Anestesilegane går visitt kl 08.00-09.00 kvar dag. Kl. 14.30 går dei ei vitittrunde for å orientere kveldsvaktene.

God informasjon til pasientens næraste er svært viktig og ein prioritert oppgåve for oss.

Ikkje ver redd for å spørje om ting du lurar på.

Besøks tid

Vi har ikkje særskilte visitt-tider. Men under vaktskifte og legevisitt, er det vanlegvis ikkje

høve til å vere inne hos pasienten. Ein del pasientar har problem med å få nok kvile om det er mykje besøk. Besøk må derfor ofte avkortast i tid. Bli einig med ansvarleg sjukepleiar om kor lenge besøket bør vere.

Utgangsdøra i hovedvestibylen blir låst kl. 20.00 kvar dag. Mellom kl 20.00 og 06.00 må du gå inn og ut gjennom mottaket

Døra til avdelinga blir låst kl. 20. Bruk ringeklokka ved døra for å få låst opp.

Service tilbud ved Ålesund Sjukehus

Apoteket er ope for både pasientar og pårørende frå kl 10.00 – 16.00 på kvardagar og 09.00 – 13.00 på laurdager

Kiosk/kafeteria i hovedvestibylen er

åpent: kvardagar:	09.00 – 19.30
laurdag:	10.00 – 19.00
søndag:	12.00 – 19.30

obs. endring ved spesielle høgtider jul/påske

Det er og høve til å kjøpe varmerettar i kiosken, vestibylen og poliklinikken.

Pårørende har adgang til **personalkantina** og kan kjøpe mat der.

frokost:	08-11	på kvardagar
middag:	09-11	på helgedagar
	13-15.30	på kvardagar
	13-14.30	på helgedagar

Foreldre til barn (under 18 år) får gratis mat. Dette får du i personalkantina ved å vise

matkort som du får frå avdelinga. Ta kontakt med ansvarleg sjukepleiar om dette.

Presteteneste: Vi kan kontakte sjukehuspresten om du ønsker det.

Telefon

Vi har **telefonautomat** i gangen utanfor TV-stua. Telekort er nødvendig, dette kan kjøpast i kiosken.

NB: Mobiltelefon er ikkje tillatt brukt i avdelinga! Skal du bruke mobiltelefonen –kan du gå ut på verandaen eller ut av sjukehuset.

I TV-stua vil det vanlegvis stå kaffe/te tilgjengeleg for pårørende.

Blomster

Blomster er hyggeleg å få, men på grunn av stor infeksjonsfare og allergiproblem, må blomster dessverre stå ute på gangen. Det kan difor vere ein god idé å vente med blomster til pasienten er flytta frå intensiv-avdelinga.

Overnatting

Vi har eitt pårønderom i avdelinga. Dette er felles med hjartheovervåkinga/medisinsk intensiv. Det kan hende at fleire pårørende må dele rommet.

Avdelinga har to hyblar i Åsebøen 1 til disposisjon for pårørende. Dei er gratis å låne, men du må betale kr. 100,- i depositum.